

Trond Ove Kristiansen  
Vestbygdvegen 11  
5918 FREKHAUG  
Epost: [trondovekristiansen@hotmail.com](mailto:trondovekristiansen@hotmail.com)  
Mobil: 92404173

Frekhaug januar 2017

Meland kommune  
Pb. 79  
5906 Frekhaug

### Sak 16/2971 - 16/23902

Eg har ultimo desember 2016 motteke brev frå Dykk, der det kjem fram at de har avslutta mi byggjesak godkjend 14.01.2010, gjeldande utbetring/bygging av kai med utlegging av tilhøyrande flytebryggje, riving av eksisterande naust, samt oppføring av nytt naust.

Grunngjevinga dykker er at tiltaket ikkje er påbyrja, noko eg vil tilbakevise. Eg har byrja med riving av utrust gammal steinkai, etablering av fundament for ny kai og muring av kai. Det er også etablert flytebryggje. Etter mitt syn var dette mest tenleg å byrje med – då det er avgjerande for resten av tiltaket. Det utgjer også ein vesentleg del av tiltaket. Det einaste som gjenstår er rivinga av naustet og bygging av nytt. Det er skote ut for utviding av naust som omsøkt, samt laga nokre grunnmurar til det nye naustet. Tiltaket er dokumentert med vedlagde bilete som viser kva som er utført så langt. Det har vore kontinuerleg framdrift i arbeidet med tiltaket.

I samband med kommunal synfaring på staden, vart eg i si tid oppmoda om å søkje om heile tiltaket under eitt.

Ber på bakgrunn av dette om at eg får fullføre tiltaket utan å omsøkje det på nytt.

Vennleg helsing

Trond Ove Kristiansen